



Statens vegvesen

Notat

Til: John Presttun
Frå: Harald Hauso
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:
Harald Hauso - 55516830
Vår dato: 01.04.2011
Vår referanse: 2011/053543-001

Fv 194, fare for ras i frå privat mur i Olsvikvegen

Ved Olsvikvegen, hp 51, km 0,270 – 0,310 har det rasa ut deler av ein privat mur. Deler av denne hamna i vegbana.

Situasjon

Muren ligg 8 -10 m over vegnivå, og er ustabil. Ved mykje nedbør vil det lett rase ut større eller mindre parti i frå denne. Rasfaren er derfor overhengjande her. Eigendomen har og ein anna, og betydeleg større mur. Denne er 15 -20 m lang og opp til 6-7 m høg. Muren bular kraftig ut og er tydeleg påverka av krefter som pressar den ut (vasstrykk og frost). Denne muren vil og med tida og rase ut.

Tiltak

Som eit akutt tiltak kan ein, som føreslege av entrepenør, legge ut vegen og setje opp ein liten mur av Jerseystein. Ein bør prøve å få eit "basseng" på baksida av som helst er 3 – 4 m breidt. Dersom det kjem mykje nedbør før utlegginga av vegen er gjort bør ein vurdere å stenge vegen sidan utrasingsfaren då vil auke markant.

Murane bør sikrast eller takast ned. Krav om dette bør oversendast til Bergen kommune / grunneigar. Dersom dette ikkje skjer innan ei rimeleg tid bør me vurdere å få gjort tiltak sjølve (evt. rive murane). Rekninga for eit slikt arbeide kan oversendast til dei ansvarlege.



Figur 1. Deler av muren har rasa ut i vegbana. Den største muren til høgre i bileta kjem til å rase ut med tida.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52